

Aurland Kommune og
Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening
Org.nr. 914 203 805
5745 Aurland

Aurland, 12. november 2014

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune
ved fylkesrådmann Tore Eriksen
Askedalen 2
6863 Leikanger

Førespurnad om møte og drøftingar i Aurland, SJH nybygg.

Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening er godt i gang med innsamling av kapital som ein del av medfinansiering av nybygg ved SJH. Kampanjen kan de fylgje på www.vennsjh.com, no med eiga fane for innsamla kapital. Pr 10 nov. var sum innsamla kr. 120 142,-.

Vi ser no behov for å bestemme organisasjonsform for denne kapitalen. Aurland kommune har sett som vilkår for sitt bidrag på 5 millionar kroner til nybygg, at det skal gå inn i ei stifting. For å kunne søkje større gjevarar, vil det vere nødvendig å få etablert denne stiftinga, eller avklara korleis eit sameige av bygget mellom ei evt. stifting og Sogn og Fjordane fylkeskommune kan organiserast.

Sogn Jord og Hagebruksskule Venneforening ved leiar Aud Slettehaug og Aurland kommune ved ordførar Noralv Distad ynskjer difor eit snarleg møte med administrasjonen ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Målsetting å drøfte og å avklare korleis vi kan gå vidare med eit samarbeid no når Venneforeninga er i stand å opprette ei stifting og vere ein privat medfinansieringspart i saka. Venneforeninga kan då fortsette kampanjen og konsentrere seg om den og stiftinga/kapitalen får då leve sitt liv og kan konsentrere seg om vidare framdrift om bygget i lag med SFFK og Aurland Kommune.

Venneforeningen ynskjer at rektor ved SJH, Bjørg Eldri Fritsvold vert med på møtet.

Vi ynskjer eit møte i Aurland så snart det er praktisk mogeleg for dykk. Dette hastar litt då vi ser behovet for å ha avklara samarbeidsform for eigarskap til nybygget i forkant av kontakt med større givarar no i slutten av november/desember månad.

Helsing

Aurland kommune
Noralv Distad

Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening
Aud Slettehaug